

# Høyanger Bustadstifting



Omsorgsbustad  
Eit alternativ for deg?

Eit populært bo- alternativ for  
rørslehemma og dei med  
hjelpetbehov!

# Høyanger Bustadstifting



Høyanger Bustadstifting er ei stifting som vart oppretta av Høyanger kommune i 1997 med føremål:

*Å bygge, eige og drive utleige av omsorgsbustader, trygdebustader, bustader for utleige til kommunalt tilsette og andre lokale til ålmennyttige føremål. I tillegg skal stiftinga kunne utføre vaktmeistertenester– og reinhaldstenester overfor eigne leigetakarar.*

Høyanger Bustadstifting har i dag ca. 17000 kvadratmeter som består av Omsorgsbygget, Kyrkjebø sjukeheim, Høyanger Helsesenter og Elvegata 22.

Høyanger kommune er den største leigetakaren i Høyanger Bustadstifting, der kommunen leier Kyrkjebø sjukeheim og Høyanger Helsesenter, som i lag med Omsorgsbustadane har sjukeheim, Sentralkjøkken, Fysikalsk avd, Dagsenter, Hjelpemiddelsentral, Legekontor, Helsestasjon, Open Omsorg og Psykiatri.

NAV, Bruktbutikken, BUA og Barnevern er leietakar i Elvegata 22.

I tillegg er det i alt 37 omsorgsbustader der den einskilde bebuar er leigetakar.

Det er 5 tilsette i stiftinga, derav dagleg leiar, driftsleiar og 3 vaktmeistrar.

Det vert leid inn tenester til reinhald.



# Høyanger Bustadstifting

## Omsorgsbustadane storgata 8 og 10



Bustadane ligg i Høyanger sentrum med tilknytning til Høyanger helsesenter.

Planlegginga av bustadane er gjort ut frå tanken om at dei skal vere sjølvstendige med ein privat karakter, samstundes som ein har tryggleiken med å ha kvalifisert helsepersonell i nærleiken.

Nærleik til sentrum er og sett som ei føremon.



Hageanlegg rundt bygningar er velstelte og lett tilgjengeleg.



Bygningar har varme og venlege fargar og materialbruk.



Bygningane har heis med direkte tilkomst frå hovudinngangen.

Innandørs posthandtering.

Avfallsrom i garasje.

Port-telefon med knapp for å opne ytterdør. Adgangskort for pårørande.

Nærheit til hjelpetenester og vaktmeistar.



# Høyanger Bustadstifting


## Omsorgsbustadane storgata 8 og 10

Det er totalt 26 omsorgsbustader i Omsorgbygget og 8 omsorgsbustader i Helseenteret. Den typiske bustaden er på mellom 50 og 60 m<sup>2</sup>. Det er utgang frå stova til eigen balkong. Soveromma har plass til to senger.

Alle bustadane er dimensjonerte etter Husbanken sine krav til livsløpsstandard. Bustadane er umøblerte.

Målgruppa for omsorgsbustadane er vaksne personar med nedsett rørsleevne og hjelpebehov. Bustaden er tilrettelagt slik at bebuarane etter trong kan ta imot heildøgns pleie og omsorg.

Det er fleire tilbod i bygga, slik som Dagsenter, Kantine, fellestover m.m.



# Høyanger Bustadstifting

## Omsorgsbustadane storgata 8 og 10

Høyanger kommune ved Tiltaksteamet, tenesteområde helse og sosial, tildeler bustadane etter søknad. Søknadsskjema får ein ved å vende seg til pleie og omsorgstenestene.

Det er uttak for Rikstsv i bustaden (Abonnement for mottak kjem i tillegg).  
Dei fleste leigetakarar som ynskjer internett brukar Mobilt Breiband.  
Røykvarslar, ringeklokke og port-telefon med opnar, 1 stk 6kg skumapparat.  
Sentralstøvsugar med eitt uttak sentralt plassert i bustaden.  
Ventilasjon: Balansert ventilasjon med gjenvinning og avtrekk frå kjøkkenhette.

Eksempel på utforming av bustad



Romsleige stuer med utgang til veranda og open løysning til praktisk kjøkken.



Bad tilpassa rørslehemma.



Flotte lyse soverom.



# Høyanger Bustadstifting

Vakttelefon teknisk drift 97 97 77 30

---

Hovudkontor til Høyanger Bustadstifting ligg i 1 underetasje i Høyanger Helsesenter, saman med helse administrasjonen.

Her finner du hovudkontor, verkstad og driftssentral.

## Slik kontaktar du oss:

Besøksadresse:  
Høyanger Bustadstifting  
Storgata 8  
6993 Høyanger

Vakttelefon: 97977730

Dagleg leiar Terje Lillehaug  
Mobil: 99 24 99 24  
terje.lillehaug@hoyanger.kommune.no



## Tildeling av omsorgsbustad:

Vedtak vert gjort av Tiltaksteamet kvar veke. Søknaden skal sendast til:  
Høyanger kommune v/Tiltaksteamet, Postboks 159, 6991 Høyanger.

